

Den Norske Turistforening



DNT Sogn og Fjordane



Indre Sunnfjord Turlag



02.06.2025

Uttale til planframlegg for Jostedalsbreen Gondol – sak 22/3096

Viser til høyring av detaljregulering Jostedalsbreen gondol i Sunnfjord kommune.

Oppsummert, kommentarar til planframlegget

- DNT meiner tiltaket utgjør ei kommersialisering av landskapet som vil medføre vesentlege skader på intakt natur av regional og nasjonal verdi, samt vere svært øydeleggande for eksisterande friluftslivskultur i området. Vi meiner at dette prosjektet står i direkte motstrid til strategiar og mål for å løyse natur- og klimakrisa.
- DNT støttar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre si vurdering om at utbygginga vil påverke verneverdiane negativt og vere i strid med alle verneføremåla til Jostedalsbreen nasjonalpark.
- KU Natur – DNT er kritiske til at utgreiinga konkluderer med at det berre er «*noko negativ konsekvens*» for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- KU friluftsliv – DNT er svært kritiske til at utgreiinga har gjort ein todelt vurdering av fagtema friluftsliv i konsekvensutgreiinga, der ein skil mellom dagens bruk som i all hovudsak gjeld tradisjonelt friluftsliv, og ny bruk med nye brukargrupper knytt til lettare tilkomst av området. Vi meiner dette ikkje er i tråd med metodikken for konsekvensutgreiingar av fagtema friluftsliv jamfør. M-1941¹. Vidare stiller vi spørsmål ved om samla konsekvensgrad «*middels negativ konsekvens*» er riktig.
- ROS-analyse – DNT kan ikkje sjå at dei krava² som er til ROS-analysar i arealplanlegging er oppfylt. Vi etterspør særleg vurdering av usikkerheit, og uynskte hendingar som mellom anna tap av naturmiljø, redningsaksjonar og svikt i banesystemet.

Generell vurdering

Overordna føringar

DNT viser til vårt felles innspel til planvarselet og planprogrammet i 2023, der vi var kritiske til etablering av gondolbane mellom Lundebotn og Tverrfjellet i Sunnfjord kommune.

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>

² https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/samfunnstryggleik_i_kommunen_si_arealplanlegging.pdf

Sjølv om omfanget og aktivitetane på toppstasjonen er noko nedskalert frå planvarselet vil utbygginga framleis øydelegge kvalitetane området har for tradisjonelt friluftsliv og ha negativ verknad for samtlege av verneføremåla for Jostedalsbreen Nasjonalpark. Vi meiner vidare at planframlegget strir imot internasjonale, nasjonale og regionale føringar om å ivareta viktige friluftslivsområde, naturmangfald og intakte naturområde.

FNs naturpanel har slått fast at vi står i ei naturkrise som i stor grad skuldast menneskeleg arealbruk og øydelegging av natur. Bit for bit nedbygging og oppstyking av natur reknast som den største trusselen for naturmangfaldet. Gjennom Naturavtalen som vart inngått i desember 2022, har Noreg forplikta seg til å stogga og reversere tap av natur innan 2030. DNT meiner derfor at omfattande nedbygging av unike og verdifulle naturområde til reiselivsføremål ikkje kan forsvarast. Areal er ein avgrensa ressurs og nedbygging av inngrepsfri natur bør prioriterast til dei føremåla som har størst samfunnsnytte. DNT meiner at dei positive ringverknadene gondolen vil ha for næringsutviklinga i kommunen, ikkje på langt nær veg opp for dei negative konsekvensane for klima, miljø og friluftsliv. Reisemålsutvikling må skje i område som har natur, miljø, infrastruktur og lokalsamfunn som kan handtere det.

Eit viktig natur- og friluftslivsområde

Toppstasjonen er planlagt like under toppen på Tverrfjellet nær INON-sone 2, og ei utbygging her vil føre til at ein mister meir av det inngrepsfrie naturområdet. **Vi minner om at Vestland fylkeskommune har vedteke i handlingsplanen for *Kultur Bygger Samfunn*³ at ein skal «arbeide for å bevare INON-område som arena for naturopplevingar og berekraftig friluftsliv».**

Plangrensa går parallelt med vernegrensa for Jostedalsbreen nasjonalpark og vil gjennom auka ferdsel og aktivitet kunne ha konsekvensar og ringverknader også innanfor nasjonalparken. Dei planlagde tiltaka i fjellet vil vere svært synlege i landskapet og medføre vesentleg karakterendring frå dagens urørte natur.

Prosjektet vil ha sterk innverknad på eit område som i dag er kjent og verna for sine intakte kvalitetar og moglegheit for naturopplevingar og tradisjonelt friluftsliv fritt frå teknisk tilrettelegging. Utbygginga vil også medføre inngrep i områder med raudlista naturtypar. **DNT støttar Nasjonalparkstyret si vurdering om at utbygginga som er føreslege vil gå på kostnad av verneverdiane for Jostedalsbreen Nasjonalpark.**

Auka utbyggingspress i heile landet

Jostedalsbreen Gondol har likskapar til to tilsvarande prosjekt som har end med motsegner på fleire grunnlag – Odda gondol, og Sula gondol.

Felles for desse gondolforslaga er at dei vil innebere irreversible inngrep og store endringar i landskapet og unike og verdifulle natur- og friluftslivsområde. Desse utbyggingane er lite foreinleg med forpliktingane under naturavtalen om at vi skal stogge og reversere tapet av natur,

³ https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/kultur-bygger-samfunn_handlingsprogram_ny-grafikk.pdf

og vil etter alt å døme bidra til at det vert vanskelegare å innfri våre internasjonale forpliktingar og nasjonale mål.

Hausten 2023 låg regjeringa fram ein ny stortingsmelding for naturmangfald (Meld. St. 35 (2023–2024), som skildrar korleis norsk naturtap skal stogkast. For å nå det nasjonale målet om «å redusere tap av særleg viktige naturareal», lanserte regjeringa eit prinsipp om «prioriterte utbyggingsformål», kvar fornybar kraft og kraftleidningar, forsvarsføremål og samfunnskritisk infrastruktur løftast fram som prioriterte føremål. Hensikta er å unngå at avgrensa arealressursar nyttast til føremål med lågare samfunnsnytte. Då seier det seg sjølv at gondolbaner må vere blant sakene som vert nedprioritert.

I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 har regjeringa og gjeve føringar om at naturmangfald og viktige friluftslivsområde skal sikrast i planlegginga, og at kommunane gjennom heilskapleg og langsiktig planlegging skal unngå stykkevis nedbygging av naturmangfald og friluftslivsområde.

Vi viser til Klima og Miljødepartementet (KLD) si tilråding i saka om Sula gondol som per dags dato ikkje er avgjort i Kommunal- og distriktsdepartementet:

Samlet vurdering og tilråding

Etter Klima- og miljødepartementets vurdering er tiltaket i planforslaget i hovedsak et reiselivstiltak. Tiltaket vil endre omgivelsene og landskapet samt øke ferdselen i området. Slik vi ser det, vil planen forringe muligheten til utøvelse av tradisjonelt friluftsliv, opplevelseskvaliteter knyttet til inngrepsfri natur, stillhet og landskap

[...] I tillegg vil en realisering av planen gå utover naturmangfold av nasjonal og vesentlig regional verdi, og slik ikke være et bidrag til målet om å redusere nedbyggingen av særlig viktige naturarealer. Herunder vil økt aktivitet og ferdsel som følge av planen, forringe truede naturtyper og et større sammenhengende naturområde med urørt preg på en varig måte. Tiltaket kan ha positive sidevirkninger for tilgangen til fjellet.

[...] Klima- og miljødepartementet tilrår derfor at innsigelsene tas til følge.

DNT kan ikkje sjå at tilhøva er så ulike i frå Sula til Jostedalsbreen gondol. Gondolen til Tverrfjellet vil i tillegg redusere verneverdiane til ein nasjonalpark.

DNT si tilråding

DNT held fast på at etableringa av ein gondol med tilhøyrande utbygging og aktivitet ved Tverrfjellet vil bidra til ein tilgjengeleggjering og kommersialisering av Jostedalsbreen og nasjonalparken som ikkje er foreinleg med nasjonale og internasjonale mål om å bevare intakt og urørt natur (jf. naturavtalen og norges stortingsmelding om naturmangfald), og som heller ikkje er i tråd med verneføremålet for nasjonalparken og moglegheita til å drive tradisjonelt friluftsliv.

DNT oppfordrar på det sterkaste til at ein ikkje vedtek planen eller går vidare til handsaming i departementet ved motsegn.

Kommentarar til planframlegget, temavis

KU Friluftsliv

Jostedalsbreen, og det omtalte villmarksprega og til dels alpine landskapet er i seg sjølv ein attraksjon. Den føreslegne utbygginga vil medføre irreversible inngrep og varige endringar i hittil relativt urørt natur, tett på eit breområde som er kjent og verna for sine intakte kvalitetar og moglegheit for naturopplevingar fritt for teknisk tilrettelegging, noko som også er bakgrunn for nasjonalparkstatusen.

Det er vår oppfatning at den planlagde gondolutbygginga vil gå på kostnad av dei som er opptatt av det tradisjonelle friluftslivet og urørt landskap. Toppstasjonen ved Tverrfjellet er tett på Jostedalsbreen. Dette er eit populært breplatå som vert til dels mykje nytta av relativt erfarne og godt utrusta friluftsfolk og breførarlag med gode føresetnader for å klare seg i fjellet og ferdast sporlaust. DNT meiner at lettare tilkomst/ein ny innfallsport til Jostedalsbreen ved etablering av taubana ikkje er eit føremonn då det vil medføre auka trafikk av uerfarne turistar i eit vêrhardt og sårbart fjellområde, på kostnad av naturen, og den eksisterande friluftslivskulturen.

Etter vår vurdering vil utbygginga øydelegge dei kvalitetane området har i dag for det tradisjonelle friluftslivet ved at moglegheita ein har til å oppleve samanhengande urørt natur vil forsvinne, og ved at den lokale friluftslivskulturen kan bli endra. DNT kan ikkje sjå at dette er i tråd med vernevilkåra for Jostedalsbreen Nasjonalpark.

I konsekvensutredningen er det gjort en todelt vurdering av påvirkning og konsekvens. Det er vurdert at påvirkningen for tradisjonelt friluftsliv og eksisterende bruk må skilles fra vurderingen av påvirkning for forventet ny bruk av området med nye brukergrupper, aktiviteter og adkomstmuligheter. Det er viktig å se utbyggingen av gondol til Tverrfjellet fra to sider, da tiltak og tilrettelegging som kan være positivt for noen kan oppleves annerledes for andre. (Konsekvensutgreiinga⁴)

DNT er svært kritiske til at utgreiar har gjort ein todelt vurdering av fagtema friluftsliv i konsekvensutgreiinga, der ein skil mellom dagens bruk som i all hovudsak gjeld tradisjonelt friluftsliv, og ny bruk med nye brukargrupper knytt til lettare tilkomst av området. Det er her snakk om å ta gondolen opp for å «oppleve utsikt» og «nærhet til brelandskapet og nasjonalparken». DNT meiner dette er ein form for bruk som tvilsamt kan vurderast som friluftsliv, og som i likskap med gondolen på Sula, heller bør sjåast som eit reint reiselivsprodukt. For det eksisterande friluftslivet blir konsekvensen rekna i aukande grad for negativ dess meir tilrettelagt og påverka eit område blir, både i form av utbygging og aktivitet. Medan for nye brukargrupper blir utbygginga i sin heilskap rekna for å vere ein positiv konsekvens for friluftslivet. Dette er ei kunstig balanseøving frå utgreiar si side som undergrev verdien av det eksisterande tradisjonelle friluftslivet i området – som også er del av vernegrunnlaget for nasjonalparken. For DNT framstår dette som vikarierende argument. DNT meiner at denne måten å skilje mellom ulike brukargrupper på når ein vurderer konsekvens ikkje er i tråd med metodikken for konsekvensutgreiingar av fagtema friluftsliv jamfør. M-1941..

⁴ https://sunnfjord.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-cdbba355_4b68_4e6e_a0a8_75d759f5ffc5-2017998_1_A!d-2022240022!DrcStv?pid=1

DNT er og uroa for om sikkerheitsaspektet ved å lose nye brukargrupper beståande av uerfarne lite fjellvante turistar inn eit eksponert bre- og høgfjellsområde er tilstrekkeleg vurdert og ivaretatt. Her under må det vurderast sannsyn for at nokon går seg bort, blir skorfaste, utløyser/blir tatt av skred, blir overraska av mørke, ikkje rekk siste bane ned, med meir. Ei rekke uynskte hendingar er ikkje positivt for friluftslivet. Vidare etterspør vi ei grundigare vurdering av kva den nye bruken vil ha å sei for SAR og beredskap.

Vi stiller og spørsmål ved korleis bruk av gaid reelt skal kunne hindre slitasje på naturen, og uynskja hendingar. Kva kompetanse og kvalifikasjonar vert stilt til gaidar, når ein ikkje per dags dato har på plass ein omforeint sertifiseringsordning?

DNT støttar nasjonalparkstyret sitt syn om at:

Så langt forvaltar kan sjå, kan vanskeleg kategorien ny bruk og nye brukargrupper nyttast i utgreiinga for fagtema friluftsliv. For det eksisterande friluftslivet er det vurdert til å få betydeleg negativ konsekvens. Då er det vanskeleg å argumentere med at udefinert bruk av eit sårbart naturområde av udefinerte brukarar skal vege opp for det negative for dagens brukarar. Dette inntrykket blir forsterka av at ny bruk er anten er knytt til eit utkikkspunkt eller til ein betalt guide, og slik må oppfattast som reiseliv/turisme og ikkje friluftsliv.

Friluftsliv vs reiseliv

Viser til omtale i konsekvensutgreiinga av ny bruk:

For ny bruk og nye brukargrupper er det vurdert at samlet konsekvensgrad er positiv. Etablering av gondol til Tverrfjellet vil gi tilgang til et område som for mange er utilgjengelig i dag, og kunne gi flere muligheten til å oppleve den spektakulære utsikten mot Kjøsnefjorden og omkringliggende fjell. Anlegget skal være universelt utformet, og tiltaket vil kunne bidra til at flere brukargrupper får muligheten til å oppleve nærhet til brelandskapet og nasjonalparken. Hvis gondolbanen blir en turistattraksjon der flere reiser til området, kan dette også medføre økt bruksfrekvens i nærliggende områder. (Konsekvensutgreiinga⁵)

Argumenta om at gondolen vil gje mange fleire moglegheit til å sjå breen og utsikta på nært hald, at bana er ei form for tilrettelegging for dei som elles ikkje har høve til å kome seg opp i bratta på eiga hand, syner at Jostedalsbreens gondol er eit reint reiselivsføretak. Tilrettelegging for friluftsliv er noko anna. Ringverknadsanalyse til utbyggar legg og først og fremst vekt på at dette skal vere ein attraksjon for turistar.

Både nasjonale myndigheiter og DNT er tydelege på at alle tilretteleggingstiltak for friluftsliv må gjennomførast utan kostnad for opplevingskvalitetane og natur- og miljøverdiane i området ein skal utvikle. DNT står saman med fleire friluftslivsorganisasjonar, reiselivet og offentlege myndigheiter bak **merkehandboka**⁶, som i ei årrekke har fungert som ein nasjonal standard for korleis vi legg til rette og synleggjer turruter for at flest mogleg skal få utøva friluftsliv på jamleg

⁵ https://sunnfjord.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-cdbba355_4b68_4e6e_a0a8_75d759f5ffc5-2017998_1_A!d-2022240022!DrcStv?pid=1

⁶ <https://www.merkehandboka.no/>

basis og sikre gode og trygge opplevingar i naturen. Denne tilrår eit soneringsprinsipp om mest tilrettelegging nærast utfartspunkta, litt mindre i neste sone, og minst tilrettelegging i ytre sone, som ofte utgjer høgareliggande, eller meir krevjande terreng, nettopp for å unngå betydelege inngrep i intakt natur og det storskala landskapet.

Konsekvensane for friluftsliv må vurderast på ny

Vi viser til den forutgåande kritikken av metodikken og til skildringa under henta frå konsekvensutgreiinga og stiller spørsmål ved om samla konsekvensgrad **middels negativ konsekvens** er riktig. DNT meiner at dette landskapet, den gamle ferdselsvegen opp til Lundeskaret, og vidare turmoglegheiter i høgfjellet utgjer noko av det fremste ein kan oppleve innan tradisjonelt friluftsliv i Noreg i dag, og vil åtvare mot å undervurdere desse verdiane og den negative verknaden gondolutbygginga vil ha.

*For tradisjonelt friluftsliv og eksisterende bruk er det vurdert at samlet konsekvensgrad er **middels negativ konsekvens**. Vurderingen er gjort ut fra at en etablering av gondol fra Lundeboen til Tverrfjellet vil føre til fysiske inngrep og visuell påvirkning i friluftslivsområder med stor og svært stor verdi. Økt menneskelig aktivitet vil også kunne medføre endringer for lydbildet i de nærmeste friluftslivsområdene. Det er varierende bruksfrekvens i området, og flere av friluftsområdene har lavere grad av tilrettelegging, men områdene har store opplevelseskvaliteter tilknyttet natur og landskap. I vurderingen er det lagt særlig vekt på at tiltaket kan medføre endret opplevelseskvalitet og redusert attraktivitet i friluftslivsområder som i stor grad har et urørt preg. Friluftslivsområdene brukes hovedsakelig til tradisjonelle friluftslivsaktiviteter som fotturer, skiturer og brevandring. Flere av områdene ligger også helt eller delvis innenfor Jostedalsskogen nasjonalpark, som er et av de største områdene med villmark i Sør-Norge, og består av større sammenhengende områder med lav grad av tilrettelegging fra før. Taubanen med tilhørende bebyggelse og sikringstiltak vil flere steder representere et brudd i landskapsbildet og et menneskelig inngrep som kan føre til redusert attraktivitet. Et av formålene med nasjonalparken er å gi mulighet til naturopplevelser gjennom utøvelse av tradisjonelt friluftsliv, og det ville og dramatiske fjellandskapet anses som en sentral opplevelseskvalitet for friluftslivet i området. ...*

KU Natur

Naturtyper og arter

Planområdet vart synfart hausten 2022, og det vart registrert ei rekke raudlista karplantar. Samtlege registrerte artar er knytt til snøleiene og lisidene, og er raudlista grunna estimert framtidig tap av habitat som fylgje av klimaendringar, gjengroing, og nedbygging (mellom anna av kraft- og turismeanlegg). Snøleier innehar ofte ansvarsartar då klimaendringar gjer til at desse trekker stadig lengre nord i Europa og høgare opp i terrenget. Sjølv om naturtypen snøleie førekjem «med store areal» som KU-en skildrar, så er desse under press og står i fare for bit-for bit nedbygging over store deler av landet. DNT meiner det er all grunn til å opptre ekstra varsamt ovanfor truga naturtyper, ansvarsartar, raudlisteartar og natur som har eit særskilt vern gjennom nasjonalparkstatusen.

Jostedalsbreen Nasjonalpark

Konsekvensutgreiinga viser til at Jostedalsbreen Nasjonalpark har «*Svært stor verdi*», og «*Blir noko forringa*». Dette meiner DNT i seg sjølv er svært alvorleg, og eit resultat som tilseier at ein bør avstå utbygginga. I tillegg merkar vi oss at Nasjonalparkstyret har vurdert at utbygginga vil påverke både verneverdiar og verneføremåla negativt innanfor vernegrensa, jf. § 49 i naturmangfaldlova.

Hensikta med oppretting av nasjonalparkar i Noreg er å ta vare på større naturområde som inneheld særeigne eller representative økosystem, og landskap utan tyngre tekniske inngrep. Alt plante- og dyreliv, og geologiske førekomstar er verna innanfor vernegrensa, ikkje berre dei som er på raudlista. Derfor meiner vi at utgreiinga underkommuniserer viktigheita og konsekvensane av naturverdiane i planområdet.

DNT viser til **nasjonalparkstyret** sin uttale og stiller oss bak kritikken av konsekvensutgreiinga:


Forvaltar meiner at sjølv om sjølvne byggetiltaket skjer utanfor, vil influensområdet av tiltaket på naturmangfaldet og geologiske førekomstar kunne vere stort. Det stillast også spørsmål om ein dag i felt er nok til kartlegging av naturmangfald for heile området. I randsonene til isbrear er landskapet «nytt» og har ikkje fått sett seg. Det er mange aktive geologiske prosessar og pionerartar som prøver å etablere seg. Dette tek tid, substratet er ustabilt og klimaet er hardt. Difor vil slike område vere sårbare for mykje ferdsel. Sidan alt av planter, dyr og geologiske førekomstar er verna, og at påverknaden av folk som blir transportert opp med gondol kan vere med å øydelegge/forringe dette, meiner forvaltar at tiltaket strir mot verneføremålet til nasjonalparken. Difor blir det stilt spørsmål til at utgreiar konkluderer med at det er berre «noko negativ konsekvens» for Jostedalsbreen nasjonalpark under fagtema naturmangfald.

INON

Omtalen og kartutsnittet i konsekvensutgreiinga viser tydeleg at inngrepsfri natur minkar år for år, også rundt Jostedalsbreen. At utbygginga tidlegare har vore konsentrert til dalbotnane er ikkje noko argument for no å løfte den til fjelltoppane. Vi minner om at Vestland fylkeskommune har vedteke i handlingsplanen for *Kultur Bygger Samfunn*⁷ at ein skal «*arbeide for å bevare INON-område som arena for naturopplevingar og berekraftig friluftsliv*».

⁷ https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/kultur-bygger-samfunn_handlingsprogram_ny-grafikk.pdf

Kartet i Figur 13 viser i tillegg reduksjon i INON i forhold til 1988. Her ser man at INON-områdene i Jostedalsbreen foruten området nordvest for Lodalskåpa, stort sett har forblitt rimelig intakte siden 1988, med kun mindre reduksjon i arealene i kantonene rundt fjellmassivet. Mye av dette skyldes nok at topografien i det gamle Sogn og Fjordane gjør at naturen «verner» seg selv ved at utbygging stort sett kun er mulig i dalbunnene.



Figur 13. Oversikt over inngrepsfri natur i områdene rundt planområdet. Planområdets plassering angitt med rød pil. Fra Miljødirektoratets kartinnsyn for INON.

Utklipp fra konsekvensutgreiinga⁸ side 45

Vurdering av avbøtende tiltak

I planomtalen er det sagt at:

Det er lagt til grunn besøksstyring innanfor toppstasjonen, der ferdsel til og frå føreset at ein fysisk må bevege seg ut av anlegget. Formålet med besøksstyringa er å avgrense slitasje på registrert naturtype (kalkfattig og intermediær snøleie (NINFP2210101078)) og forstyring av artar i sårbar periode mellom 15. april til 15. juni. All ferdsel frå toppstasjonen føreset bruk av gaid. Det gjeld òg for ferdsel frå stasjonen til det regulerte uteoppholdsarealet. Arealet skal avgrensast fysisk mot omgjevnadane med nivåsprang, mur og/eller gjerde.

DNT meiner at dei avbøtande tiltaka for å redusere påverknad frå ferdsel gjennom fysiske barrierar og krav om (betalt) gaid, ikkje er i tråd med prinsipp for god besøksforvaltning. DNT

⁸ https://sunnfjord.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-cdbba355_4b68_4e6e_a0a8_75d759f5ffc5-2017999_1_A!d-2022240022!UvETUT?pid=1

viser til planføresegn 2.2.1⁹ og stiller spørsmål ved om krav om gaid etter plan og bygningslova er ein lovleg og hensiktsmessig måte å drive besøksforvaltning. Generelt meiner DNT at tilgangen til norsk natur i all hovudsak skal vere fri og gratis.

Vidare meiner vi at regulering og oppretting av eit inngjerda uteopphaldsareal i det som i dag er eksisterande LNF-areal og friluftslivsområde, kan, som Sunnfjord kommune skriv, utfordre allemannsretten. Vi stiller spørsmål til korleis gjerdar og fysiske stengsler i den elles opne og «ville» naturen vil bli opplevd av dei ulike besøkande av området. Ved at uteopphaldsarealet ved toppstasjonen «stenger» betalande gjestar inne, og friluftsfolk ute frå deler av området så bidreg utbygginga til privatisering i utmarka og skapar gråsoner for kven, eller korleis allemannsretten gjeld.

DNT er kritiske til å etablere eit reiselivsmål som legg til grunn behov for å privatisere utmark, avgrense allemannsretten og ta betalt for tilgangen til naturen, samt omfattande behov for risiko- og beredskapshandtering. Det er her tydeleg at det enkle og tradisjonelle friluftslivet må vike til fordel for tilrettelagt og kommersialisert opplevingsturisme.

KU Kulturmiljø

Lundeskaret er omtalt som eit kulturlandskap av nasjonal interesse i konsekvensutgreiinga: «*Kunnskapen om ferdselsvegen og det omkringliggende kulturlandskapet er med på å gje delområdet stor betyding, med historiefortellande-, identitetsskapande- og opplevingsverdi*» [...] «*Tiltaket med toppstasjon, mast, pendel, vogner og rassikring vil vere synleg frå fleire stadar og representerer eit framandelement i eit nokså godt bevart kulturlandskap og vil ha relativt stor visuell påverknad (både nær- og fjernverknad) som kan verke negativt på opplevingsverdien av kulturminne og kulturmiljø*»

Området har og stor verdi for fjellsporthistoria og friluftslivskulturen i Noreg. Tufta på den gamle ferdselsvegen mellom Lunde og Fjærland er den merka ruta opp til Lundeskaret ofte omtalt som DNT sin brattaste sti, og har historisk status nettopp grunna vanskeleg tilgjenge.

Utbygging ved og lettare tilkomst til Lundeskaret vil heilt klårt forringe den kulturhistoriske opplevinga av dette landskapet.

Regionale føringar

Vi minner om at Vestland Fylkeskommune i handlingsdelen til *Kultur Bygger Samfunn (2023-2035)* har vedteke at *berekraftig forvaltning av kultur- og naturarven skal vere basis for nyskaping* (hovudmål 3, delmål 2), og vidare; *auke kompetansen om besøksforvaltning og*

⁹ 2.2.1. Naturmangfald

b. For å avgrense slitasje på registrert naturtype (kalkfattig og intermediær snøleie (NINFP2210101078)) og forstyrning av artar i sårbar periode, skal all ferdsel ut av toppstasjonen vere organisert og skje ved bruk av gaid. I perioden 15. april til 15. juni skal det ikkje organiserast/leggast til rette for tur med gaid frå topp-/botnstasjonen (planområdet) og inn i kalvingsområdet innanfor Sunnfjord villreinområde. Påbod om bruk av gaid og ferdselsforbod i perioden 15. april til 15. juni gjeld ikkje for «redningsmann» under utrykking.

berekraftig friluftsliv, og jobbe for tettare samarbeid mellom kommunar, lokalt næringsliv, grunneigarar og reiselivsnæringa om berekraftig besøksforvaltning¹⁰.

DNT kan ikkje sjå at Jostedalsbreen gondol imøtekjem desse ambisjonane, tvert imot.

KU Landskap

Tiltaket er planlagt i eit landskapsrom, eller eit «makro-landskap» som utgjer heile Kjøsnesfjorden med fjella i kring. Gondolbana vil bli eit fokuspunkt i dei elles ubebygde fjellsidene, og opplevinga av eit urørt og villmarksprega landskap vil bli forringa i heile dette området.

I tillegg vil den skisserte rassikringa i fjellsida¹¹, bli omfattande og eit nytt framandelement i landskapet. DNT meiner det er uheldig at nye tiltak, som ikkje er samfunnsmessig avgjerande skal utløyse slike inngrep, når det stort nok behov for rassikring for å sikre vegnettet på Vestlandet frå før.

ROS

Generelt i denne ROS-analysen kan vi ikkje sjå at dei krava som er til ROS-analysar i arealplanlegging er oppfylt som vist til i rettleiaren til DSB¹².

- Vi kan ikkje sjå at det er vist til korleis ein sikrar tverrfaglegheit og involvering av ekspertise. Det er ikkje vist til kva kompetanse som har vore involvert i gjennomføringa av analysane. Det er heller ikkje vist til korleis lokalkunnskap er ivareteke i analysane.
- Alle kjelder, føresetnader og resonnement bak konklusjonane skal vere dokumenterte og kunne etterprøvast. Vi kan ikkje sjå at dette er ivareteke.
- Vi kan ikkje sjå at ROS-analysa er dekkande for dei uynskte hendingane som kan oppstå i eller nær planområdet som følgje av ny og endra arealbruk. Vidare er det ikkje mogleg å sjå kva som er den faktiske risikoen ved utbyggingsforslaget, og det er uklårt om alle identifiserte risikoar er tilstrekkeleg handtert og sikra (med avbøtande/risikoreduserande tiltak) i planframlegget.

Metode:

Verdiar som er omtalt i analysen er liv og helse, stabilitet og materielle verdiar. Når ein skal bygge i randsona til nasjonalparkområde bør ROS-analysen også vurdere tap av naturmiljø som ein verdi. Likeeins bør ein vurdere infrastruktur som ein verdi når tiltaket vil påvirke framkome på viktig infrastruktur.

¹⁰ https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/kultur-bygger-samfunn_handlingsprogram_ny-grafikk.pdf

¹¹ https://sunnfjord.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-cdbba355_4b68_4e6e_a0a8_75d759f5ffc5-2017997_1_A!d-2022240022!ojYHAT?pid=1 kap 3.4

¹² https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/samfunnstryggleik_i_kommunen_si_arealplanlegging.pdf

3.4.1 - 3.4.2:

På side 5 har ein definert risiko som usikkerheit knytt til om ei uynskt hending kan skje og kva konsekvensar dette kan få. Likevel har ein i dette kapittelet ikkje teke omsyn til usikkerheit når ein skal vurdere risiko. Dette vil påverke forståinga av akseptabel risiko. Dersom ei hending har litan konsekvens, men er truleg (meget sannsynlig), vil den etter utgreiar sin tilnærming hamne i gult felt med akseptabel risiko. Men dersom det er stor usikkerheit knytt til anten sannsynet eller konsekvensen, eller begge, så vil det vere vanskeleg å hevde at dette utgjør akseptabel risiko, utan risikoreduserande tiltak. Vi meiner at dette er ein mangel ved ROS-analysa.

Kap 4.:

Analysa skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhald som er relevante i høve til om arealet er eigna til utbyggingsføremål (her gondol) , og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

- Tap av naturmiljø: Uynskte hendingar som tap av natur eller artar som følgje av planlagt arealbruk bør også vere med i vurderinga av risiko med planforslaget. Særleg då ein legg til rette for utbygging og aktivitet i randsona til ein nasjonalpark med ringverknader inn i sjølve verneområdet. Oppsummering frå naturkartlegginga bør utgjere grunnlaget for å vurdere dette i ROS-analysa.
- Vi kan ikkje sjå at det er vurdert uynskte hendingar som følgje av ei tilstrøyming av svært mange folk i eit sårbart område. Slik planen er lagt fram, skal gondolen tilretteleggje for at turistar og besøkande med lite friluftslivserfaring, og personar med dårleg helse eller funksjonshemmingar skal kunne nytte gondolen og få spesielle naturopplevingar. Ei slik tilrettelegging kan leie til at ein får oftare uynskte hendingar knytt til personleg helse, som illebefinnande ol. innanfor planområdet eller i nærleiken av planområdet. Slike hendingar bør og knytast til “manglande framkome for naudetatar”. Kapasitet i helse- og brannteneste lokalt må vurderast, og lokalkunnskap er difor naudsynt i analysa. Analysa av desse uynskte hendingane bør inngå i vurderinga av om arealet er eigna til føremålet.
- Også uynskte hendingar som at gondolreisande tek seg ut av toppstasjonen og går aleine i fjellet, eller driv anna aktivitet som paragliding og likande bør analyserast. Auka tilrettelegging for tilkomst på arealet vil auke aktiviteten. Denne aktiviteten kan bidra til fleire uynskte hendingar.

Sjølv om ROS-analysa fyrst og fremst skal ta føre seg hendingar som kan styrast gjennom plan og bygningslova, så vil etablering av gondol påverke risiko for uynskte hendingar og presset og kapasiteten til naudetatane i område, og bør soleis takast med i vurderinga når kommunestyret skal tillate eller ikkje tillate utbygginga

DNT gav i innspel til planprogrammet uttrykk for uro knytt til fleire sikkerheitsaspekt ved å bringe turistar opp i høgfjellet. Vi registrerer at deler av sikkerheitsutfordringane (i tillegg til utfordringane knytt til press på naturen og nasjonalparken) er forsøkt løyst ved streng regulering av tilletne opphaldsområde og besøksstyring. DNT er kritiske til å etablere turistmål som legg til grunn behov for omfattande risiko- og beredskapshandtering .

5.2: Oppsummering av tiltak:

Oppsummeringa viser til anbefalte tiltak for å redusere **risiko** for uynskte hendingar. I nokre tilfelle er det vist til at risikoreduserande tiltak er ivareteke i planføresegnene. Men mange av tiltaka er berre anbefalte. Det er difor uklårt om alle identifiserte risikoar er handtert i planframlegget¹³. **Dette meiner vi er ein svakhet ved ROS-analyse og dermed ved avgjerslegrunnlaget for korvidt utbygginga er tilrådeleg.**

ROS-analyse må utbetrast:

Ei oppdatert ROS-analyse må innehalde potensielle uynskte hendingar som følgje av ny og endra arealbruk. Analysane om risiko bør leggst ved, eller vere inkludert i rapporten. Analysene må vise at alle tre komponentane i risiko (usikkerheit, sannsyn og konskevns) er vurdert.¹⁴. Kunnskapsgrunnlaget må baserast på eigenskapar ved området og kunnskap frå andre tilsvarande verksemder som andre gondolar og turistattraksjonar som via ferrata ol.

Med helsing

Tor Kåpvik
Konstituert Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen
Seniorrådgiver, energi og naturforvaltning
Den Norske Turistforening

Trond Einemo
Styreleiar
DNT Sogn og Fjordane

Ingebjørg Erikstad
Leiar
Indre Sunnfjord Turlag

¹³ https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/samfunnstryggleik_i_kommunen_si_arealplanlegging.pdf

¹⁴ https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/samfunnstryggleik_i_kommunen_si_arealplanlegging.pdf s.17